



# Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Tingvoll, 16. juni 2015

Fræna kommune

## SPØRSMÅL ETTER MILJØINFORMASJON

Vi viser til Fræna kommune sin sak nr. PS 111/2014 behandla i PLØK 15.09.2014, Bru til Drågen, arkivnr. 2014/1668-6 og vårt brev av 9.3.2015.

I samband med riving av Drågen bru spør vi om følgjande, og vi viser til TEK 10 §§ 9-6 til 9-9:

1. Vi ber om kopi av dokumentet miljøsaneringsbeskrivelse, eller grunngjeving for at slikt dokument ikkje er nødvendig.
2. Vi ber om dokumentasjonen knytt til vurderinga av kva materialar plankedekket på brua besto av, viss ikkje dette går fram av dokument i spørsmål nr. 1.
3. Vi ber om kopi av dokument som viser kva avfall som er levert, kor mykje avfall som er levert og kvar avfallet er levert?

Vi viser til miljøinformasjonslova som gir oss rett til å få denne typen opplysningar. Vi viser spesielt til §§ 10 og 13 og reknar med at vi kan motta desse opplysningane innan 15 dagar, sidan det venteleg dreier seg om dokument som skal ligge føre på rivingstidspunktet og kort tid etter.

Det blir sendt kopi av dette brevet til andre offentlege mynde, sidan det viser seg at praksisen rundt kommunal eigedomsforvaltning og naturmangfaldlova har fått lita merksemd til no. Kommunen sitt svar vil difor ha interesse for fleire enn Naturvernforbundet.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal  
v/Øystein Folden, Rasta 4, 6630 TINGVOLL

Telefon 91 81 25 42 – epost [moreromsdal@naturvernforbundet.no](mailto:moreromsdal@naturvernforbundet.no) – internett [www.naturvern.no/mr](http://www.naturvern.no/mr)

Med vennleg helsing

Øystein Folden  
leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Kopi:  
Fylkesmannen, Miljøvernavingdelinga  
Miljødirektoratet  
Klima- og miljødepartementet